



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2,

6863 LEIKANGER

Samferdselssjef Dina Lefdal

4. Sept. 2016

Ny veg til Skipavika

Viser til møte i Skipavika 10. august mellom Fylkeskommunen, Gulen Kommune og Skipavika Næringspark a.s i høve til mogelegheiter for å få bygd ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua.

Skipavika Næringspark a.s saman med Gulen Kommune har fått utarbeidd og godkjent reguleringsplan for den nye vegen, og no er det stort behov for å få sett i gang bygging sidan trafikk grunnlaget aukar sterkt i forbindelse med selskapa som er etablert på Skipavika Næringspark.

Skipavika Næringspark a.s med etablerte verksemder er i sterkt vekst, og har på få år utvikla seg til å bli den største rigghavna i Nord-Europa. Det er investert monaleg store summar i kaier, bygg og infrastruktur og utsiktene framover i Mongstad området ser gode ut med utbygging og islandføring av olje frå Johan Sverdrup Feltet(horisont på 80 år frå 2020). I tillegg blir verdas største forsyningsbase lagt til Mongstad for drift og vedlikehald av dei mange installasjonane som står ute i havet vest av Fedje.

Det er i tillegg stor samfunnsnytte med å få bygd ny veg, i staden for å opprusting av den gamle vegen nord til Ånneland. I tillegg vil samla kostnad over tid bli lågare.

Nokre fordeler med ny veg:

- * Bygda på Sande vil sleppe tungtrafikk gjennom tun.
- * Sande vil utvikle seg attraktivt med bustadfelt og avstanden til fastlandet blir 5,5 km kortare.
- * Næringslivet i Skipavika og Gulen treng ny veg.
- * Det vert truleg rimelegare kostnad med skuleskyss og taxi/buss.
- * Avgjerande med ny veg for industrien for nye etableringar, har allereie tapt ei etablering til Mongstad med bygg på 5000 m²/20-25 arbeidsplasser.
- * Vesentleg mindre drift- og vedlikehaldskostnader med ny veg.



- 2 -

I etterkant av møte den 10. august, har Skipavika Næringspark a.s vore i kontakt med grunneigarane langs traseen på 1B, og samtlege grunneigarar er positive og vil avstå fri grunn til vegen.

Vi har også vore i kontakt med Magne Hope a.s, og vedlagt brevet er tilbod om fastpris på bygginga av ny veg.

Kostnad for entreprenør:

Magne Hope a.s	Kr. 16.000.000,- + mva fast pris.
Byggeleiing, Skipavika Næringspark a.s	Kr. 1.200.000,- + mva.
Reguleringsplan, KU, Norconsult	Kr. 800.000,- + mva.

Forslag til finansiering:

Gulen Kommune:	Kr. 6.000.000,-
Sogn og Fjordane Fylkeskommune:	Kr. 6.000.000,-
Skipavika Næringspark a.s	Kr. 6.000.000,-

Sidan vegen blir bygd av Skipavika Næringspark a.s og overlevert til Sogn og Fjordane Fylke, kan ikkje Skipavika Næringspark a.s få tilbakeført mva. Vi kjenner ikkje så godt til Kommunale- og Fylkeskommunale reglar for momsrefusjon, me vi håper at det finst modellar som kan løyse det slik at dette ikkje gjer finansieringa vanskeleg.

Vi er takksame for det gode samarbeidet me har med Gulen Kommune og Sogn og Fjordane Fylke, og håper at me saman kan klare å få bygd denne svært så viktige vegen for Næringslivet i Gulen og Skipavika.

Med helsing

Skipavika Næringspark a.s

Lars Hellandsjø

Vedlegg:Tilbod M. Hope a.s

Kopi Gulen Kommune.

